



Nynorsk i staten

Reglar og råd



Kjære statstilsett!

Ei av dei faste oppgåvene til Språkrådet er å gje statstilsette informasjon om *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova). Lova skal sikre ei rimeleg fordeling mellom dei to jamstelte målformene våre, bokmål og nynorsk, i statstenesta. Som statstilsett bidreg du til at staten oppfyller krava i mållova.

Sentrale statsorgan rapporterer ein gong i året til Språkrådet om målbruken sin. Rapporteringa om fordelinga mellom bokmål og nynorsk omfattar ikkje all tekst som fell inn under mållova. Difor er det viktig at statsorgana etablerer gode rutinar for målbruk i alle publikumsretta tekstar. Om du er leiar, har du dessutan ansvar for at medarbeidarane kjenner dei viktigaste reglane i mållova. Å rette seg etter krava i mållova er ei tenesteplikt på line med andre plikter i statsforvaltninga.

Denne brosjyren gjev deg den viktigaste informasjonen du treng for å oppfylle krava i mållova på arbeidsplassen din. I tillegg får du informasjon om hjelpemiddel og om kurstilboda til Språkrådet. Dersom du har fleire spørsmål, er det sjølvsagt berre å ta kontakt med oss.

Lukke til med målbruksarbeidet!

Venleg helsing



Arnfinn Muruvik Vonen
direktør i Språkrådet



Kort om regelverket

Det er *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova) og forskriftene til denne lova som regulerer bruken av nynorsk og bokmål i statstenesta. Føremålet med mållova finn me i § 1:

«Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune».

Denne paragrafen skal sikre eit prinsipp om jamstelling og likeverd mellom målformene. Prinsippet omfattar òg kommunar og fylkeskommunar, men dei detaljerte reglane i mållova gjeld berre for statstenesta. Jamstellingsprinsippet inneber at både målformene skal tolast og brukast. Det tyder mellom anna at nynorskbrukarar skal møte bokmål, og at bokmålsbrukarar skal møte nynorsk.

Det finst to hovudkrav i mållova:

- 1 Statsorganet skal veksle mellom målformene i skriftlege publikasjonar på nett og papir.
- 2 Den skriftlege kommunikasjonen private (personar og verksemder) og kommunar har med staten, skal vere i deira eiga målform.

Kommunar kan avgjere kva målform dei skal ha i skriv frå staten, med vedtak i kommunestyret (denne retten er nedfelt i § 5 i mållova). Lista over målvedtak i kommunane finst i *forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar*, som ligg på www.lovdatab.no. Det kan vere lurt å distribuere denne lista på arbeidsplassen.

I staten skil me mellom tre slags statsorgan: *sentrale, regionale og lokale*.

- Sentrale statsorgan, t.d Språkrådet og Politidirektoratet, har heile landet som tenestekrins.
- Regionale statsorgan, t.d. fylkesmennene og helseføretaka, har meir enn ein kommune og mindre enn heile landet som tenestekrins.
- Lokale statsorgan, t.d mange Nav-kontor, har tenestekrins innanfor ein kommune.

Somme reglar gjeld alle nivåa, medan andre berre gjeld eitt eller to av dei. Sentrale statsorgan er alltid språknøytrale og skal veksle mellom målformene. Regionale og lokale statsorgan har ofte tenestemål, det vil seie den målforma dei som hovudregel skal bruke i det skriftlege tilfanget. Alle statsorgan skal oppfylle rettane som privatpersonar og kommunar har til å få skriv i si eiga målform. På dei neste sidene finn du meir informasjon om reglane for ulike statsorgan.



Viktige reglar for alle statsorgan

- 1** Alle statsorgan skal ha namn som kan brukast i b e m lformer. Dersom det ikkje h ver med den same namneforma p  bokm l og nynorsk, skal namnet ha ei bokm lsform og ei nynorskform.
- 2** Skjema skal liggje f re og vere tilgjengelege i b e m lformer. Det gjeld b de elektroniske skjema og papirskjema.
- 3** Privatpersonar som vender seg til staten, skal ha svar i den m lforma dei sj lve brukar. Privatpersonar kan  g krevje ei viss m lform i alle l yve, faste formular o.l. (t.d. f rarkort) som direkte gjeld dei sj lve.
- 4** N r eit statsorgan lagar skriv som har s rleg tilknytning til eit geografisk avgrensa område, skal det bruke fleirtalsm lforma for området. Eit d me kan vere ei stillingslysing som gjeld tre kommunar. Dersom kommunane har ulike m lvedtak (vedtak etter   5 i m llova), skal statsorganet bruke fleirtalsm lforma i stillingslysinga, alts  den m lforma som to av tre har valt. Dersom eit fleirtal har n ytralt m lvedtak, m  statsorganet ta rimeleg omsyn til m lbruken i området.

Dersom statsorganet vender seg s rleg til ein einskild kommune eller lagar tilfang som s rleg gjeld  in kommune, skal det f lgje m lvedtaket i den kommunen. Den same regelen gjeld i kontakt med fylkeskommunar.

- 5** Kvart statsorgan har ansvaret for at tilsette som treng det, f r oppl ring i bokm l og nynorsk innan rimeleg tid.

Særlege reglar for sentrale statsorgan

- 1 I alt publikumsretta, skriftleg tilfang som sentrale statsorgan lagar, skal båe målformene vere representerte med minst 25 prosent. Det gjeld også for brosjyrar og redaksjonelt stoff i blad, tidsskrift og bøker.
- 2 Sentrale statsorgan er alltid språkleg nøytrale. Det inneber at dei sjølve kan velje målform i skriv til andre sentrale statsorgan.
- 3 I skriv til regionale og lokale statsorgan skal sentrale statsorgan bruke tenestemålet til dei aktuelle organa.

Særlege reglar for regionale og lokale statsorgan

- 1 Det er fleirtalsmålforma for kommunane i tenestekrinsen som avgjer kva målform som skal vere tenestemål for eit regionalt statsorgan. Tenestemålet i lokale statsorgan rettar seg etter målvedtaket i den kommunen som er tenestekrins for organet.
- 2 Tenestemålet skal nyttast i skriv frå det regionale eller lokale statsorganet til alle statlege organ.

Spørsmål og svar om mållova

Spørsmål	Svar
<i>Kan statsorganet skrive på bokmål til alle kommunar?</i>	Nei. 114 norske kommunar har nynorsk som målvedtak (denne retten er nedfelt i mållova § 5). Skriv til desse kommunane skal vere på nynorsk.
<i>Finst det eit oversyn over kva kommunar som har kravt nynorsk i skriv frå statsorgan?</i>	Ja. Oversynet ligg på www.lovdatab.no og heiter <i>forskrift om målvedtak i kommunar og fylkeskommunar</i> .
<i>Kva målform skal brukast mellom to sentrale statsorgan?</i>	Sentrale statsorgan er nøytrale. Dei kan velje målform i korrespondanse seg imellom.
<i>Skal tilsette ved universitet og høgskular i alle situasjonar svare studentar på den målforma studenten brukar?</i>	Nei. Mållova gjeld ikkje i undervisning. Men i all administrativ verksemd gjeld dei vanlege reglane. Også i Den norske kyrkja og i rettsstellet gjeld lova berre i den administrative delen av verksemda.
<i>Kva gjer privatpersonar eller organisasjonar som vil klage på målbruken i statsorgan?</i>	Somme sender klagen direkte til statsorganet, medan andre sender klagen til Språkrådet, som behandlar klagesaker som gjeld mållova.

Spørsmål

Kva skal me gjere dersom me har fått klage på målbruk frå privatpersonar eller organisasjonar?

Svar

Det er viktig at de svarar klagaren og skjerpar rutineane dykkar. Oftast tek Språkrådet skriftleg kontakt med statsorganet i slike klagesaker.

Kva skjer dersom eit statsorgan ikkje oppfyller krava i mållova over lengre tid?

Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan gjennom årlege sjølvrapporteringar. Statsorgana får tilbakemelding frå Språkrådet, og har sjølv ansvaret for at reglane blir etterlevde. Dersom tida går utan at statsorganet gjer noko for å oppfylle krava i mållova, kan Språkrådet ta saka opp med det overordna departementet til det aktuelle statsorganet.



Språktenesta for statsorgan

Språktenesta for statsorgan, som er ein del av Språkrådet, skal særleg arbeide med språket i statleg forvaltning. Dei to hovudoppgåvene til språktenesta er

- å arbeide for klarare og betre språk i staten
- å arbeide for jamnare fordeling av nynorsk og bokmål i statlege tekstar

Språktenesta arbeider for meir og betre nynorsk i statleg forvaltning. På den eine sida skal me hjelpe sentrale statsorgan til å oppfylle kravet om minst 25 prosent nynorsk i skriftlege publikasjonar, og på den andre sida arbeider me for godt nynorsk forvaltningspråk.

Statsorgan har eit særleg ansvar for å vere språklege førebilete, for både privatpersonar, næringslivet og kommunal forvaltning.

Kva slags nynorskhjelp kan språktenesta tilby statsorgana?

- Me tilbyd nynorskkurs for statsorgan.
- Me kan vurdere språket i viktige tekstar på nynorsk.
- Me formidlar kontakt med språkkonsulentar til statsorgan som treng omsetjing eller språkvask av tekstar.
- Me svarar på språkspørsmål frå statstilsette.
- Me lagar informasjonstilfang på nett og papir.

Nynorskkursa våre

Meininga med kursa til språktenesta for statsorgan er å gje statsorgana hjelp til sjølvhjelp. Difor bør kursa vere ein del av eit større og meir forpliktande arbeid i kvart statsorgan. Det er viktig at kurset har støtte i leiinga i statsorganet, og at statsorganet sjølv følgjer opp kurset.

Nynorske hjelpemiddel og ordlister

Nynorskhjelp

Olaf Almenningen: *Innføring i nynorsk for høgare utdanning*. Det Norske Samlaget 2006

Olaf Almenningen: *Nøkkel til nynorsk*. Dag og Tid (kompakt nynorskgrammatikk)

Ola Breivega: *Råd for uråd*. Vegvisar mellom nynorske minefelt.

Det Norske Samlaget 1993

Jan Olav Fretland: *På saklista. Nynorsk språk- og dokumentlære for lokalforvaltninga*.

Fagbokforlaget 2006

Jan Olav Fretland: *På saklista. Nynorsk språkbruk i statsforvaltninga*.

Det Norske Samlaget 2000

Nynorske ordbøker og ordlister

Nynorskordboka på nettet (gratis søkjeteneste): <http://nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi>

Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok. Det Norske Samlaget

Alf Hellevik: *Nynorsk ordliste*. Det Norske Samlaget

Magne Rommetveit: *Med andre ord. Den store synonymordboka med omsetjingar til nynorsk*. Det Norske Samlaget 2007

Karl Arne Utgård: *Juridisk og administrativ ordliste. Bokmål–nynorsk*.

Det Norske Samlaget 2002

Generelle skrivereglar

Finn-Erik Vinje: *Skrivereglar*. Nynorsk. Aschehoug 2009

Publikasjonar frå Språkrådet

Statsspråk – bladet for godt språk i staten

Kort administrativ ordliste bokmål–nynorsk

Råd om språk i statlige stillingsutlysningar – inneheld ein eigen bolk om stillingsutlysingar på nynorsk

Kansellisten. Ord og uttrykk som kan byttes ut – brosjyre på bokmål, men òg relevant for dei som skriv nynorsk i arbeidet

Nettstaden til Språkrådet

www.spraakradet.no

www.sprakradet.no

Under fana «Språk i staten» på nettstaden til Språkrådet kan du lese meir om oss og tenestene våre.

Nettstaden til «Klart språk i staten»

www.klarsprak.no

www.klarsprak.no

Her finn du mellom anna skriveråd, informasjon om statlege språkprosjekt og språkprofilar, undersøkingar, nynorskhjelp, språkquiz og mykje meir. Nettstaden er spesielt tilpassa statstilsette, men stoffet som ligg her, kan brukast av alle.

Språkrådet

Postboks 8107 Dep

0032 OSLO

Telefon: 22 54 19 50

Generell e-post: post@sprakradet.no

E-postadresse til språktenesta for statsorgan: stat@sprakradet.no

Framsidedeilete: Steinar Svensbakken / Statens vegvesen

Teikningar: Oddmund Mikkelsen

Utforming: Tank Design

Trykk: Konsis Grafisk

Opplag: 2000 (2012)